



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon


Rasmus Rikter-Svendsen, 5557 2774

Høyring av søknad om tiltak i sjø - utfylling i Gilsvågen, Austevoll

Fimbul AS søker, på vegner av John Inge Vik, om løyve etter forureiningslova til arbeid i sjø i Gilsvågen, Austevoll kommune. Fimbul AS har i den vedlagde søknaden skildra arbeida, og føreslått avbøtande tiltak for å redusere faren for ureining.

Tiltakshavar driv omfattande villsaudrift i området, og skal byggje ei kai på 1 637 m² for å sikre transport av dyr, fôr og utstyr til beiteområda. I den samanheng vert det søkt om å fylle ut om lag 7 100 m³ over eit areal på 800 m². Utfyllingsmassane er lokale sprengsteinsmassar av gabbro og dioritt. Dei skal ikkje innehalde plast eller organisk materiale.

Planlagd oppstart for anleggsarbeida i sin heilskap er september 2026, med ferdigstilling av utfyllinga våren 2027. Sjølve utfyllingsarbeidet skal skje gradvis, med kontrollert tilførsel av massane. Det skal òg etablerast siltgardin i forkant av oppstart, og siltgardina skal vere montert og jamleg kontrolleres gjennom heile utfyllingsperioden.



Figur 1: Omsøkt tiltaksområde i Austevoll kommune. Kaien er markert med blått på figuren til høgre.

**Vi ber om eventuelle fråsegn innan 28. august 2026**

Statsforvaltaren ber om uttale frå Bergen sjøfartsmuseum om tiltaket kan komme i konflikt med kulturminne i området. Vi ber òg Fiskeridirektoratet, Sør-Norges fiskarlag og andre interessentar om eventuelle fråsegn innan fristen **28. august 2026**. Fråsegn kan sendast til sfvlpost@statsforvaltaren.no, og skal merkast med referansenummer 2023/15268.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvaltarens brev i saka vert gjort tilgjengelege på [Statsforvaltarens heimeside](#).

Med helsing

Rasmus Rikter-Svendsen
rådgjevar

Vedlegg:

- 1 soknadsskjema-mdu-SFVL-utfylling-Del-C.pdf
- 2 1a Oversiktskart-tiltaksområde-skravert-63-1.pdf
- 3 1b Utfylt-sjøareal-kart.pdf
- 4 1c Detaljkart-tiltak-i-sjø.pdf
- 5 2 Godkjenning pbl - rammesøknad 63-1 Gilsvågen.pdf
- 6 3 Kvittering-hfl-1104-000016-TiltakSjo.pdf
- 7 4 Utfylling-snitt.pdf
- 8 5 Kart-som-viser-sjøleidning.pdf

Kopi til:

FIMBUL AS	Fjellvegen 13B	5694	ONARHEIM
John Inge Vik	Vik 145	5396	Vestre Vinnesvåg

Mottakerliste:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
STIFTELSEN BERGENS	Postboks 7800	5020	BERGEN
SJØFARTSMUSEUM			
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
AUSTEVOLL KOMMUNE	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ